



■ møtereferat – Samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet for tannhelsetenesta

Ephorte: 2019/3368

Tema:	Stad og tid:
Møtereferat SAMU-T 13.03.2019	Fylkeshuset, møterom 103

Til stades: Medlemmer		Varamedlemmer	
Louise Frostad Liaset	X	Karoline Stølen	
Solveig Tjosaas		Marianne S. Rudi	X
Laila Aas	X	Grete Gussiås	
Anthony N. Valen	X	Morten Larsen	
Are Kristofer Hjeltnes	X	Siv Lilleholt	
Tone Nord	X	Hege Myklebust	

Andre:
HMS-rådgiver Silvia Stranden, Stamina Helse (sak 8-12)

Referent:	Neste møte:
Morten Larsen, 71280203	11.6.2019

Det var ingen merknader til møteinnkallinga eller til referat frå møtet 14.12.2018.

Saksliste

1/2019	<p>Val av leiar og nestleiar for SAMU-T 2019 Funksjonstida for medlemmene i SAMU-T er i utgangspunktet to år. Leiar for SAMU-T blir valt vekselvis frå arbeidsgivarsida og arbeidstakarsida for eitt år om gongen. I 2018 hadde arbeidstakarsida leiarfunksjonen i utvalet.</p> <p>Samrøystes vedtak: Som leiar for SAMU-T i 2019 blir valt Anthony Valen. Tone Nord blir for same tidsrom valt til nestleiar for utvalet.</p>
2/2019	<p>Årsrapport 2018 for den offentlege tannhelsetenesta i Møre og Romsdal Anthony Valen og Morten Larsen orienterte. Årsrapporten beskriv mål- og produksjonstal for tannhelsearbeidet og prioriterte oppgåver i 2018. I gjennomgangen la arbeidsgivar vekt på den vanskelege økonomiske situasjonen og forklaringsfaktorar og moglege tiltak. Det vart diskutert moglege årsaker til at indikatorårs skulla 12- og 18-åringar i fylket har dårlegare utviklinga enn gjennomsnittet i landet.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar framlegg til årsrapport 2018 for den offentlege tannhelsetenesta i Møre og Romsdal til vitande.</p>
3/2019	<p>Årsrapport 2018 for SAMU-T SAMU-T har plikt til å utarbeide ein årsrapport som gir ein oversikt over aktivitetane siste driftsår, jf. AML § 7-2. Rapporten er primært til verksemda sin eigen bruk, og skal kunne fremvisast dersom Arbeidstilsynet ber om det.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T godkjenner årsrapporten 2018 for utvalet sitt arbeid.</p>

4/2019	<p>Karriere- og kompetansemulegheiter for tannhelsesekretærar</p> <p>Laila Aas orienterte og trakk opp utfordringane for å sikre kompetente og motiverte tannhelsesekretærar i den offentlege tannhelsetenesta. I lys av det kommande generasjonsskiftet framstår dette som ei nasjonal utfordring, i hovudsak knytt til grep som kan gi anerkjennelse og yrkesstoltheit til ei viktig yrkesgruppe i helsenorge. Dette vil dels handle om å gi gruppa betre vilkår for å skape attraktivitet og framtidig rekruttering. ThsF understreker behovet for strukturelle endringar i utdanninga, t.d. etter modell frå Sverige og Danmark, der sekretærane ikkje blir utdanna på VGS-nivå, men på (yrkes-)høgskolenivå. Aas saknar auka fokus på tiltak i fylkeskommunal regi for å betre situasjonen, t.d. kompetansomobilisering på individnivå, tildeling av fleire oppgåver for å avlaste tannlegane frå administrasjon, auka ambuleringsstillegg m.m. Arbeidsgivar poengterte at den overordna kompetanseplana i tannhelsetenesta ikkje skal vere er til hinder for kompetansomobilisering og -utvikling for tannhelsesekretærane, og at det er viktig at det blir tatt tak i desse utfordringane på kompetanseregionnivå. (Presentasjonen nytta av Laila Aas blir vedlagt protokollen).</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar informasjonen om utfordringane knytt til karriere- og utviklingsmoglegheiter for tannhelsesekretærane til orientering.</p>
5/2019	<p>Orientering – rekrutteringssituasjonen per mars 2019</p> <p>Morten Larsen orienterte om status for stillingar utlyst i 2019 og om behovet for å halde stillingar vakante av omsyn til innsparingskrav og underfinansiering.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar informasjonen om rekrutteringssituasjonen til orientering.</p>
6/2019	<p>Orientering – omstilling av organisasjonen mot 2020</p> <p>Morten Larsen orienterte. Prosjektet tek opp i seg omstilling og utvikling av fylkeskommunen som organisasjon. Føringane for dette prosjektet er fastsett gjennom vedtak i U-sak 7/18. Føremålet med prosjektet er:</p> <ul style="list-style-type: none"> • tilpasse fylkeskommunen sin tenesteproduksjon og rolla som utviklingsaktør, til dei økonomiske rammeendringane og nye oppgåver som følgje av regionreforma • vurdere behovet for organisatoriske endringar, her også behovet for endring av gjeldande strukturar på eit eller fleire områder • ta opp i seg behovet for å modernisere, effektivisere og profesjonalisere den fylkeskommunale organisasjonen. <p>Første fase av prosjektet har vore organisert som eit forprosjekt. Frå april startar hovudprosjektet som skal avsluttast med fylkestingsbehandling i desember 2019. Det er foreslått å organisere tannhelsefeltet som eige delprosjekt under hovudprosjektet.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar informasjonen om omstillingsprosjektet til orientering.</p>
7/2019	<p>Orientering – MTM-handlingsplanar for kompetanseregionane</p> <p>Morten Larsen orienterte om status i kompetanseregionane sitt arbeid med handlingsplanane. Endelege handlingsplanar blir lagt fram for SAMU-T til orientering på neste møte.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar informasjonen om status i arbeidet med MTM-handlingsplanar til orientering.</p>
8/2019	<p>Orientering - kompetanseregionane sine periodeplanar for bruk av BHT</p> <p>Orienteringa og den etterfølgande drøftinga viser at det er behov for koordinering av dette arbeidet på tvers av regiongrensene. Fylkestannlegen vil sørge for koordinering gjennom å sette temaet på dagsorden årleg i overtannlegemøtet rundt årsskiftet.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar informasjonen om BHT-periodeplanar til orientering.</p>
9/2019	<p>HMS-årsrapport 2018</p>

	<p>Hovudpunkta i føreliggande HMS-rapport for fylkeskommunen vart gjennomgått med vekt på dei mest relevante områda for tannhelse. Det er ei klar betring i kompetanseregionane sin HMS-dokumentasjon frå fjorårsrapporten. For tannhelse ligg hovudutfordringa i HMS-samanheng i å kartlegge årsakene til det høge sjukefråveret og treffe effektive tiltak for å få arbeidstakarar tilbake i arbeid der det er realistisk.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar HMS-årsrapport 2018 til orientering.</p>
10/2019	<p>Orientering - sjukefråversutvikling 4. kvartal og samla for 2018 Morten Larsen orienterte. Fråverstala for alle kvartala i 2018, brote ned på fråversintervall og regionsnivå, vart gjennomgått. Samla aukar fråveret, men det er framleis store regionale variasjonar; Kristiansund KR og Molde KR har nesten tre gonger så høgt fråver som Søre Sunnmøre KR.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar informasjonen om sjukefråversutviklinga til orientering.</p>
11/2019	<p>Orientering - attestasjonsrapport - internkontroll tannhelsetenesta (Uavhengig attestasjonsoppdrag 1-2019, Møre og Romsdal Revisjon IKS) Møre og Romsdal Revisjon IKS (MRR) har gjennomført tilsyn med bruk av den internasjonale revisjonstandarden ISAE 3000 for å attestere på internkontrollen i den offentlege tannhelsetenesta i fylket. Konklusjonen i rapporten er at <i>«internkontroll med tanke på oppfølging og styring av tannhelseklinikkene i Møre og Romsdal fylkeskommune i det alt vesentlige er utformet i samsvar med målekriteriene. Videre mener vi at det er etablert tilstrekkelig prinsipper og skillelinjer mellom offentlig og privat tannhelsetjenester. Vi mener at det foreligger tilstrekkelige retningslinjer og rutiner for oppkjøp, etablering eller utvidelser av nye/eksisterende tannhelseklinikker. Vi mener internkontrollen i det alt vesentlige er implementert slik den er utformet.»</i></p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar informasjonen om attestasjon av internkontrollen i tannhelsetenesta til orientering.</p>
12/2019	<p>Open post</p> <ul style="list-style-type: none"> Fleire av medlemmene tok opp problem med det nye telefoniregimet (IP-telefonar) og korleis dette blir følgt opp sentralt. Fylkestannlegen er kjent med utfordringane og har tatt temaet opp med IT-sjef. Det vil bli iverksett regulære møte mellom fylkestannlegen si leiargruppe og IT-seksjonen